

## Informasjon til elever og føresette om undervisningsevalueringa 2022/2023

Det er politisk vedteke at vidaregåande skolar i Vestland skal gjennomføre ei undervisningsevaluering. Målet med evalueringa er at ho skal vere eit verktøy for kvalitetsutvikling i den vidaregåande opplæringa i fylket. Resultata vil brukast i utviklingsarbeid mellom lærar og undervisningsgrupper, og mellom lærar og avdelingsleiar. Rambøll Management Consulting hjelper fylkeskommunen i design, gjennomføring og rapportering av evalueringa.

Evalueringa gjennomførast som ei elektronisk spørjeundersøking som elevane skal gjennomføre i skoletida. Det er frivillig for elevane å svare på undersøkinga, men vi oppmodar alle elevar til å delta. Svara behandlast konfidensielt, og ingen vil kunne identifisere enkelt svar. Det vil berre bli utarbeidd rapportar for grupper med 5 eller fleire svar.

Elevane skal evaluere undervisninga til lærarar. Den enkelte elev skal svare på evalueringa éin eller fleire gongar. Talet avheng av kor mange av eleven sine undervisningsgrupper som blir valde ut til å evaluere. Det er også mogleg at ein elev ikkje skal evaluere nokre lærarar. Det er skoleadministrator som har bestemt kva grupper som skal evaluerast. Spørsmåla er like for alle fag/undervisningsgrupper. Spørjeskjemaet er utvikla i samarbeid mellom Rambøll og Vestland fylkeskommune. Skjemaet inneheld spørsmål fordelte på fem tema: Motivasjon og meistring, Vurdering, Støtte frå lærar, Læringsmiljøet i klassen og IKT.

Om de har spørsmål til undersøkinga, kan de kontakte Vestland fylkeskommune ved seniorrådgjevar Stig Aasland, [Stig.Arne.Vestol.Aasland@vlfk.no](mailto:Stig.Arne.Vestol.Aasland@vlfk.no)

Med venleg helsing

Anders Magne Bruvoll

Rektor Stryn vgs